Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Helsing fakter, åtferd

Oppskr. av: Marius Vormdal

(adresse): Svorkmo

Fylke: Sør-Trøndelag.

Herad: Orkland.

Bygdelag: Tjukkbygda-

Gard: Bratli skule

G.nr. 130 Br.nr. 2.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Det er under eige ansvar.

SVAR

1 Dei seier ja eller nei med munnen utan serlege kropsrörsler.
Berre unntaksvis vert gestikulasjon her nytta til å uttrykka tale

2. Dei helste på alle dei møtte ja. — men dei gjer det ikkje no lenger. No helsar ein som oftast berre på den ein kjenner. Men kjem ein til utkantane — helst noko markenden trur eg nok alle helsar på alle no og.

3 Det var truleg berre den som först vart seg til. Nokon fast regel for dette har eg aldri höyrt.

4 Begge partane sa: „God dag"

5. Jau det var nok diverre to helsingsmåtar her ja. Dei lyfta på huva for embetsmannen men ikkje for bonden (d.v.s. jamliken sin)
Truleg kjende dei kanskje ein snev av ironi når dei straük huva av

12035

2

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

for embetsmannen, for me har eit ordlok her som seier at ein skal ikkj töft på hua for ein får sjå mån.

6 Nei det har eg ikkji höyrt.

7. Det vart vel omtrent det same. Det kom vel an på i kva höve ein möttest

8. Fekk handhelsa på kvarandre ved bryllup, gravöl, ved kyrkja og ellest og ved andre höve utom det vanlege. Og så når fjellsyute fekk kom på vitjing. Og da handhelsa dei på alle i huset, - også dei minste. Kom ein t.d. på ein auksjon vil eg trö at ein sa berre „god dag" til grannen sin, men råka ein nokon frå ein annan kant av bygda, - nokon som ein sjeldan hadde höve til å råka - tok ein han i handa og sa god-dag og gjerne takk for sist.

9. Nei det kan eg ikkji minnast å ha sett. Men slikt kan sjölsagt gjerast både för og no.

10. Det har eg heller ikkji sett.

11. Var det eit einskild menneske ville det vel helst pröva å smetta seg unda så det slapp å möta likferda. Köyrarar med hest köyrer godt ut i vegkanten og held seg i ro til likferda har fare forbi. No for tida kan ein delvis sjå at bilane også gjer det same. —
Og sameleis med bryllup -

12035

12. Nei det har eg ikkji høyrt
Til tussane i gamaltida sa dei: „Hut unda."

13. Det vil vel truleg vera utover til 10 tida om dagen. Sidan sa ein god-dag når ein møttest og far-vel når ein gjekk frå kvarandre. I 6-7 tida om kvelden tok ein til å seia god-kveld når ein møttest og god natt når ein gjekk frå kvarandre.

14. Nei det ville i tilfelle bli teken for spøk

15 Det har eg ikkji høyrt.

16 I dei siste åra har „morn" vorte mykji bruka til alle døgnets tider.

17. Dei brukar helsa med Signarbeidet (Signe arbeidet) Signstrevet. Signkvilet Signmaten. Signlaget. Og når dei bar fram øl i ølbollar i gamle dagar brukte dei å seia: Signgodt.

18. Ein svara: Takk.

19. Gjesten vil taka opp att helsinga når han kjem inn såframt det er folk inne. Er det langfarande folk som fer vil han vel ta folk i handa og.

20 Ein bad sjølsagt om å få han i einrom (under fire augo) Ein ville vel seia: „Eg skulle ha fått snakka nå ord med deg."

21. Ein har ikkji brukt det før men ein

12035

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

brukar jamt å banka på no.

22. Ein seier: Kom inn! (Det har hendt at gaukar har svara: Kliv over!) Han som kom helsa.

23. Ja han gav seg afte litt tid ved dóra til folk i huset sa: Du ma frampa og sitt eller: Du må sjå te å få sitt.

24. Det var vel individuelt. Forresten brukte ein ikkje å ta av seg hua her i gamletida om ein kom inn til nokon

25 Sjå svar 23.

26 Nei det var ingen skilnad.

27. Ein gjorde ingen skilnad.

28. Ikkje det eg veit.

29. Dei sa til du: Velkomen

30 Ein sa: Farvel, og svara med farvel

31. Ein sa: Du må lávvå (leva) så vel!

32. Det har visst aldri vore skikk, nei.

33. Konskje born og foreldre (Småe born)

34. Har ikkje höyrt noko slikt nei.

35. Nei slett ikkje.

36. Fell bort!

37. Nei, det trur eg ikkje

12035

38. Det må vel helst vera: Gje han ein myss.

39. Ein kalla det for å bytta nase

40 Alle vaksne kunne gjera det.

41. Dei kunne leika med borna på denne og andre liknande måtar, ja

42 Det var ikkji akkurat kvardags måte det nei. Når ein gjorde det mot borna sine kalla ein det vel kjeik eller godkjeik. Om vaksne folk tok seg imellom tok ho med slikt ville ein vel ha kalla det „fleining"

43. Ja mellom born og foreldre.

44. Her sa ein Te lókk
Te lókk me jula. Te lókk me dan (årsmål)
Te lókka med hesten (som ein hadde kjøpt)
(Og elles ved mange hóve når ein ville ynskja noko godt for nokon)

45 Ved trulóving, og bryllup sa dei:
Eg gratulerer.

46. Det vart ikkji brukt ord ved slike hóve. I dei siste åra er ordet kondolerer kome i bruk.

47 Ein seier: Takk (ved alle hóve)

48. Ein bruka og brukar framleis å ta kista inn i gangen i våningshuset. Der vert det sunge og halde tale og ofte takka frå den avlidne. Frå gangen vert kista boren ut på vogna eller sleden

12035

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING



før så å verta køyrt til kyrkjegarden. Dette kallar ein å <u>takka ut</u> eller også <u>å ta ut liket</u>

49. Dette må vel vera høgst individuelt. Det finst truleg ingen „fast norm".

50 Ne seier du til alle mann og har truleg gjort det all tida.

51. Ne kjenner ikkji den høflighetsforma

12035